

## Tor Hegle

---

**Fra:** Tor Hegle  
**Sendt:** 19. mars 2015 14:53  
**Til:** post@dibk.no  
**Kopi:** Anne Lise Molvik  
**Emne:** Utrekning av gesimshøgde  
**Vedlegg:** Hus med ark\_Gesimshøgde.pdf

Hei.

Vi har på byggesaksavdelingen hatt ein samtale om utrekning av gesimshøgde etter TEK10§6-2. Bakgrunnen gjeld H-2300. Grad av utnytting, side 44-47., og korleis vi skal forstå rettleiinga.

H-2300 viser to prinsipp i teikningar/figurar.

- a) Fig 4-5, Fig 4-9f, Fig 4-9g - viser gesimshøgda til å vere i mønet på arken.
- b) Fig 4-9j og Fig 4-9k – viser gesimshøgda til å vere «vanleg» gesims på arken. (Ved tverrfløy).

Ingen av figurane viser korleis utrekninga skal vere der arken har same mønehøgde som hovudtaket.

Utanom dette går det fram på side 47 følgjande tekst:

«Når det gjelder takoppbygg (ark, kobbhus og takopplett), altan i skrå flate mv., så gjelder prinsippene for gesimsfastsettelse for alle typer tak med skrå flate, uavhengig av hvilke eksempler som er vist med figurer»

Denne teksta kan lesast som om at figurane (fig 4-5 til 4-9) i rettleiinga ikkje gjeld.

Vedlagt følgjer ei teikning der tiltaket har fleire arkar. Eg ber om at ein ser på den vedlagte teikninga som eit døme, men grunnlag for å kunne klårgjere definisjonen av gesims. I dette høvet er arkane vist med møne på høgde med hovudtaket og tilnærma lik høgde med møne på hovudtaket.

Eg ber om ei tilbakemelding på: - Kor reknast gesimsen å vere i dette høvet? Vil/kan gesimshøgda vere den same som mønehøgda?

Eg ber vidare om tilbakemelding på om teksta på side 47 sett figurane i rettleiinga til side.

Eg er taknemleg for om vi kunne få ei rask tilbakemelding.



Med helsing  
Tor Hegle, Avdelingsleiar Byggesak, Lindås kommune.

---

Vurdér verknaden for miljøet før utskrift. Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no). Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. Tel. + 47 56375642. Mob.: + 47 95968182.

---